



**Møteprotokoll
for
Utval for levekår**

Møtedato: 01.04.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 19:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kåre Skibenes	KRF	Utvalsleiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Mabel Johansen	H	Medlem
Ørjan Kristiansen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Grethe W Sjøiland Sæthre	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Øyvind Oddekalv	AP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sakliste

Saknr	Tittel
12/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
13/2014	Godkjenning av møtebok

- 14/2014 Referatsaker
- 15/2014 Orientering om bibliotekprosjektet Praksisfellesskap: to bibliotek, ein struktur
- 16/2014 Søknad om spelemidlar - lokale kulturbygg - modernisering av kjøkken på Framtun
- 17/2014 Høyringssak - reservasjonsordning for fastlegar
- 18/2014 Temaplan helse, sosial og omsorg 2015-2018
- 19/2014 Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova § 28-1e
- 20/2014 Kunnskapsdokument folkehelse
- 21/2014 Aktuelle saker

12/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Sak 20/2014 vart handsama før sak 18/2014.

ULK - 12/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

13/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Merknad til protokoll frå møte i Utval for levekår 14.01.2014, frå Erling G. Rønnestad (Krf):

"Under kven som var tilstades på møte i ULK 14.01.2014 så står Steinar Dale Wessmann oppført, han var og er i Singapore. Erling Rønnestad var i hans plass med på dette møtet."

ULK - 13/2014 VEDTAK:

Møtebok med protokollmerknad vert godkjent.

14/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 14/2014 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

15/2014: Orientering om bibliotekprosjektet Praksisfelleskap: to bibliotek, ein struktur

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn forslag her

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 15/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om bibliotekprosjektet til vitande.

16/2014: Søknad om spelemidler - lokale kulturbygg - modernisering av kjøkken på Framtun

Rådmannen sitt framlegg:

«Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidler til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for

spelemidler til lokale kulturbygg»

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 16/2014 VEDTAK:

Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidler til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidler til lokale kulturbygg.

09.04.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 23/2014 VEDTAK:

Ungdomslaget Framsteg sin spelemiddelsøknad om kr 155 223 – 1/3 av totalkostnad på kr 465 669 – til spelemidler til lokale kulturbygg blir godkjend. Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidler til lokale kulturbygg.

17/2014: Høyringssak - reservasjonsordning for fastlegar

Rådmannen sitt framlegg:

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til vedtak i møtet frå AP:

"Utval for levekår går ikkje inn for reservasjonsrett for fastleger."

Avrøysting:

Framlegget fekk 1 røyst for (AP) og 8 røyster mot (2 Krf, 2 H, 1 Frp, 2 Sp, 1 SAM), og **fall**.

Framlegg til vedtak i møtet frå H, Frp, Krf og Sp:

Meland kommune vil visa til følgjande:

1. Pasienters rettigheter utifrå norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytta til etiske refleksjoner om liv og død må likevel anerkjennast, og så langt som mulig takast hensyn til.
2. Avgjerd om ein eventuell reservasjonsrett må hjemlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.

Avrøysting:

Punkt 1 fekk 7 røyster for (2 Krf, 2 H, 1 Frp, 2 Sp) og 2 røyster mot (Ap, SAM), og vart såleis **vedteke**.

Punkt 2 vart **samrøystes vedteke**.

ULK - 17/2014 VEDTAK:

Meland kommune vil visa til følgjande:

1. Pasienters rettigheter utifrå norsk lov skal ivaretas av alle deler av helsetjenesten. Samvittighetsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytta til etiske refleksjoner om liv og død må likevel anerkjennast, og så langt som mulig takast hensyn til.
2. Avgjerd om ein eventuell reservasjonsrett må hjemlast i lov eller forskrift, og ikkje overlatast til kommunane.

09.04.2014 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå AP, SAM, MDG:

Pasientrettane utifrå norsk lov skal ivaretakast av alle delar av helsetenesta. Meland kommune kan såleis ikkje støtte endringar i helse- og omsorgstenestelova og i pasient- og brukarrettighetslova.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeiderpartiet, Samarbeidslista og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 18 røyster for, (AP, SAM, MDG, SP, FrP, V), 9 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegget frå Utval for levekår fekk 9 røyster for, (H, KrF), 18 røyster mot, og fall.

KS - 21/2014 VEDTAK:

Pasientrettane utifrå norsk lov skal ivaretakast av alle delar av helsetenesta. Meland kommune kan såleis ikkje støtte endringar i helse- og omsorgstenestelova og i pasient- og brukarrettighetslova.

Protokolltilførselen frå KrF v/gruppeleiar Marit Jøssang :

"Pasientar sine rettar ut frå norsk lov skal ivaretakast av alle deler av helsetenesta. Samvitsaspektet for helsepersonell i spørsmål knytt til etiske refleksjonar om liv og død, må likevel anerkjennast, og så langt som mogleg takast omsyn til.

Det er allment anerkjent at helsepersonell kan reservera seg mot å delta i avbortninggrep. Ein tilsvarende moglegheit bør også finnast for fastlegar i spørsmålet om å henvisa til abortinggrep og i andre spørsmål som handlar om liv og død.

Ein slik reservasjonsmoglegheit bør hjemlast i lov eller føresegn, og ikkje avgjerast i den enkelte kommune."

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår ber administrasjon innarbeide aktuelle innspel frå drøfting i utvalet jamfør utkast for Temaplan helse, sosial og omsorg samt Alkoholpolitisk handlingsplan. Utvalet ber administrasjon sende plandokument på høyring medio april, og førebu politisk handsaming i juni 2014.

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR**Framlegg til vedtak i møtet frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Utval for levekår ber administrasjonen innarbeide aktuelle innspel frå drøfting i utvalet jamfør utkast for Temaplan helse, sosial og omsorg samt Alkoholpolitisk handlingsplan. Saka vert teke opp til drøfting på møte 3.juni før temaplanen vert sendt ut på høyring."

Framlegget frå Sølvi Knudsen vart samrøystes vedteke.

ULK - 18/2014 VEDTAK:

Utval for levekår ber administrasjonen innarbeide aktuelle innspel frå drøfting i utvalet jamfør utkast for Temaplan helse, sosial og omsorg samt Alkoholpolitisk handlingsplan. Saka vert teke opp til drøfting på møte 3.juni før temaplanen vert sendt ut på høyring.

19/2014: Ny samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeid om krisesenter jfr kommunelova § 28-1 e**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner at Meland kommune v/rådmann held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.»

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 19/2014 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at Meland kommune v/rådmann held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.

09.04.2014 KOMMUNESTYRET

KS - 22/2014 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at Meland kommune v/rådmann held fram administrativt vertskommunesamarbeid i samsvar med «Samarbeidsavtale, kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b jamfør § 28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommuner, om krisesentertilbud i henhold til lov av 19. juni 2009 nr 44 om kommunale krisesentertilbud.»

20/2014: Kunnskapsdokument folkehelse

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 20/2014 VEDTAK:

Kommunestyret tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

09.04.2014 KOMMUNESTYRET

Kommuneoverlege Tord Moltumyr orienterte og svarte på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

Kommunestyret berømmar arbeidet som er nedlagt og tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

Avrøysting:

Framlegget frå Per Kristian Holmetun vart samrøystes vedteke.

KS - 26/2014 VEDTAK:

Kommunestyret berømmar arbeidet som er nedlagt og tar kunnskapsdokument folkehelse til vitande.

21/2014: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

01.04.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

- SAM v/Morten Sakstad: Viser til ny restaurant i Frekhaug senter (Sanya Restaurant). Ber kommunen avklare ansvar for universell tilgang til lokale (rullestol).

- AP v/Grethe Wenche S. Sæthre: Ønsker tilbakemelding på om det vert etablert trådløst nett på Meland sjukeheim.

- Krf v/Erling Rønnestad: Ønsker tilbakemelding på status om matombringning til heimebuande.

ULK - 21/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek aktuelle saker til orientering.
